

Lom

Samfunnsdelen

til kommuneplan for Lom kommune

Fastsett av Lom kommunestyre, sak 64/2016, 27.10.2016

<u>INNHALD</u>	<u>SIDE</u>
1.0 INNLEIING	2
2.0 VISJON OG OVERORDNA MÅL	4
2.1 Visjon	4
2.2 Overordna mål	4
3.0 DEI TRE SATSINGSOMRÅDA	5
3.1 Generelt	5
3.1.1 Folketal og demografisk utvikling	5
3.1.2 Arealstatistikk	6
4.0 FOLKEHELSE (Sosiale forhold)	7
4.1 Helse, barn og unge, levekår og friluftsliv	7
5.0 NÆRING OG SAMFUNN (Økonomiske forhold)	9
5.1 Landbruk og næringsutvikling	9
5.2 Tettstadsutvikling, transportplanlegging og bustadbehov	11
6.0 KLIMA OG MILJØ (Miljømessige/Økologiske forhold)	12
6.1 Beredskap og samfunnssikkerheit, risiko og sårbarheit	13
6.2 Naturmangfaldlova og kulturminne	13
6.3 Vassområdeforvaltning	14
7.0 OPPFØLGING AV SAMFUNNSDELEN	15
7.1 Utarbeiding av handlingsdel	15
7.2 Arealstrategi(ar)	15

1.0 INNLEIING

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-1 skal Lom kommune utarbeide ein kommuneplan som inneheld både ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. Lom kommunestyre fastsett 20.09.2012 (sak 47/2012) planstrategien for 2012-2015. Dette er kommunestyret sitt prioriterings- og styringsdokument som legg føringar for kommunen sitt planleggingsbehov.

Plan- og bygningslova § 11-2 krev ikkje at samfunnsdelen skal være ein altomfattande plan, men eit *fokusert og handlingsretta* dokument som peikar ut nokre *prioriterte satsingsområde*.

Det presiserast vidare at kommunane sitt planarbeid skal ta utgangspunkt i regionale og nasjonale føringar. Dei viktigaste statlege føringane er samla i «*Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging*» (vedteke ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015), og forventingane er knytt til tre hovudtema:

1. Gode og effektive planprosessar
2. Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
3. Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde

Regionale føringar, for eksempel fylkesdelplanar og regionale planar, kommunale vedtak og planar er og med på å danne utgangspunkt for arbeidet med kommuneplanen.

Planstrategien vert følgt opp med eit planprogram, utarbeidd i samsvar med planstrategien for Lom kommune, og vedteke i formannskapet 30.06.2015. I begge dokumenta vert det lista opp område med utgreiingsbehov. Følgjande tema vert nemnt planprogrammet:

- o **Kommunereforma 2014**
- o **Folketal og demografisk utvikling**
- o **Bustadbehov (privat og fritid)**
- o **Samhandlingsreforma og kommunen si rolle**
- o **Folkehelse, oppvekst og levekår**
- o **Friluftsliv**
- o **Tettstadsutvikling og transportplanlegging**
- o **Næringsutvikling og landbruk**
- o **Klima og miljø**
- o **Beredskap og samfunnssikkerheit, risiko og sårbarheit**
- o **Naturmangfaldlova**
- o **Kulturminne**
- o **Vassområdeforvaltning**
- o **Utarbeiding av handlingsdel**

I gjeldande planstrategi står det at samfunnsdelen treng revidering, og at den skal baserast på den gjeldande frå 2007 og bruke hovudtrekka frå denne. Ei oppdatering av grunnlagsdata og utfordringar knytt til ulike område skal takast med.

Samfunnsdelen til kommuneplan – Lom kommune

Medverknad

Planprogrammet vart utarbeidd basert på gjeldande planstrategi, og med høyringsutkastet til planprogram var ein framdriftsplan. Høyringsframlegget til planprogram fekk innspel og merknader som vart innarbeidd. Framdriftsplanen vart endra i det vedteke planprogrammet, og vart i ettertid forsinka.

Samstundes med at planprogrammet vart sendt på høyring, vart det varsla oppstart av arbeid med revisjon av kommuneplan, samfunnsdelen. Det vart det utarbeidd eit utkast til samfunnsdel som vart sendt på høyring, og det vart samtidig varsla om oppstart av arbeid med arealdelen.

Det har kome innspel i alle fasar av planarbeidet så langt; planprogram, samfunnsdel og arealdel.

Høyrings- og vedtaksdokument har vore tilgjengeleg på kommunens internettside, i servicetorget, på biblioteket, og annonsert i avis. Noko har og blitt omtala på kommunens facebookside.

Høyringsinstansane har fått tilsendt dokumenta elektronisk eller i papirformat.

2.0 VISJON OG OVERORDNA MÅL

2.1 Visjon

«LOM – GJESTFRI OG NYSKAPANDE»

I samfunnsdelen frå 2007 vart uttrykket “Lom – gjestfri og nyskapande” danna. Dette er fortsatt visjonen til Lom kommune. Saman med slagordet “Kom til Lom”, som synleggjer visjonen, presiserast det at gjestfridomen skal omfatte dei som allereie er busette i kommunen, dei som ønskjer å busetja seg her, samt tilreisande og turistar.

Visjonen skal prege kommunen både som samfunn og organisasjon.

Som gjestfri skal ein vere respektfull, inkluderande og open. Lom skal vere eit lokalsamfunn basert på *grunnverdiane* om å vere dette, i tillegg til:

- Nyskapande – i samfunnsutviklinga
- Trivsel – i alle aldrar
- Lokal kultur og historie – kunnskap og vidareføring
- Natur – ivaretaking og bruk

Vidare skal alle tilsette i den kommunale verksemda leggje vekt på å stå fram som:

- Offensive
- Løysingsorienterte
- Inkluderande

Lom kommune fokuserer vidare på innovasjon omkring visjonen, og ynskjer å sjå framover og følgje med på utviklinga i samfunnet.

2.2 Overordna mål

I ÅR 2030 ER LOM KOMMUNE EIT BEREKRAFTIG SAMFUNN MED LIVSKRAFTIGE INNBYGGJARAR OG NÆRINGS LIV, OG GOD FRAMTIDSRETTA AREAL- OG RESSURSBRUK.

For at eit lokalsamfunn skal kunne vere berekraftig, krev det at samfunnet er med på ei utvikling som imøtekjem dagens behov utan å øydelegge for at kommande generasjonar skal få dekkja sine. Tre dimensjonar må vere ivareteken for at ein skal kunne si ein har ei berekraftig utvikling: Sosiale, Økonomiske og Miljømessige (økologiske) forhold.

Ut frå dette vert tema lista opp i planprogrammet satt saman under tre satsingsområde. Eit par av tema frå opplistinga fell ut; *Kommunereforma 2014* og *Samhandlingsreforma og kommunen si rolle*. Dette fordi samhandlingsreforma allereie er sett i verk og ikkje lenger er ei hovudutfordring for kommunen, men ideane og prinsippa er implementert i kommunens helsearbeid. Kommunereforma 2014 og ein mogleg samanslåing med Skjåk kommune vart behandla politisk i juni 2016. Kommunereforma som tema vert difor ikkje dette prioritert under eit av satsingsområda i samfunnsdelen.

3.0 DEI TRE SATSINGSOMRÅDA

Klima og miljø

Folkehelse


Næringsliv og samfunn

Satsingsområda vil vidare i dokumentet bli beskriven på følgjande måte: aller først litt om kvifor tema under satsingsområda er noko kommunen prioriterer. Deretter kjem eit overordna mål til tema som vil omtalast med *slik vil vi vil ha det* og *slik gjer vi det*. Det siste vert framstilt i tabellform for å gje ein betre visuell oversikt.

3.1 Generelt

3.1.1 Folketal, demografisk utvikling og sysselsetting

Per 1. januar 2016 var det 2347 innbyggjarar i Lom kommune (SSB). Framskrivningstal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at det kan ventast ein nedgang i folketal dei neste tiåra. Som det går fram av tabellen i figur 1 vil kommunen ha ein nedgang til 2266 innbyggjarar i år 2040 (jf. fig. 1).



Figur 1. Tabell over folketal og alderssammansetning i Lom kommune i 2014 og venta folketal i 2040 (Statistisk sentralbyrå).

Dei demografiske endringane inneber at det blir fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder. Dette vil vere med på auke omsorgsutfordringane i framtida og det vil vere viktig å fokusere på helsefremjande arbeid og førebygging (jf. planstrategi 2012-2015). Statistikken viser òg at det vil bli mindre årskull i produktive aldersgrupper. Dette vil få konsekvensar for barnehage og skule og difor må folketalsutvikling ha høg prioritet i åra framover. Arbeidsløysa per september 2016 er 0,5% av arbeidsstyrken (NAV).

Samfunnsdelen til kommuneplan – Lom kommune

Tilgang på attraktive arbeidsplassar og tomter, skule- og barnehagetilbod, kulturliv, nærleik til natur, samt helse- og omsorgstilbod er faktorar som spelar inn på val av buplass. Det vil vere nyttig å sjå på strategiar for korleis kommunen skal marknadsføre sine kvalitetar for å bidra til positiv folketalsutvikling.

	2012	2013	2014
Jordbruk, skogbruk og fiske	185	185	179
Reiseliv og handel	213	192	202
Industri, bygg, anlegg, bergvirksomhet og transport	334	314	319
Privat tenesteyting	138	142	155
Offentleg administrasjon	387	395	394
Annet	24	26	24

Tabell 1. Sysselsetting i Lom. Kjelde: SSB

3.1.2 Arealstatistikk

Storparten av areala i kommunen er fjell, noko som gjer utfordringar når det gjeld utbygging, vern og beredskap. Samla areal for Lom kommune er etter arealstatistikken for Norge (Kartverket, 2015) 1968,56 km².

Omlag 90 % av Lom kommune er isbrear og fjell, og nasjonalparklandsbyen Lom er omkransa av nasjonalparkar og verna område. Ein stor del av kommunen er verna etter naturmangfaldlova (ca. 60 %), og gjev utfordringar gjennom bruksrestriksjonar og store verneinteresser.

	Areal i km ²
Ope område	1539,92
Snø, is og bre	127,56
Innsjø	64,11
Elv med tørrfall	15,73
Myr	13,53
Skog	189,48
Dyrka mark	17,62
By- og tett busetnad	0,48
Anna	0,13
Totalt	1968,56

Tabell 2. Fordeling av areal i Lom kommune. Kjelde: Kartverket 2015

Verneområde og vervedato
Jotunheimen nasjonalpark, 05.12.1980
Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006
Breheimen nasjonalpark, 07.08.2009
Åsjo naturreservat, 12.10.1990
Smådalsvatni naturreservat, 12.10.1990
Risheimsøy naturreservat, 12.10.1990
Brettingsmoen naturreservat, 24.11.2006
Finndalen landskapsvernområde, 24.11.2006
Ottadalen landskapsvernområde, 24.11.2006
Høydalen landskapsvernområde, 07.08.2009
Høyrokampen naturreservat, 07.08.2009

Tabell 3. Verna område i Lom kommune. Kjelde: Miljødirektoratet 2015.

4.0 FOLKEHELSE (Sosiale forhold)

4.1 Helse, barn og unge, levkår og friluftsliv.

Kvifor er dette noko vi prioriterer?

Folkehelse er eit tema som skal implementerast i all planlegging. Som omgrep er folkehelse vidt, og vi har valt at for Lom kommune skal det omhandla generell *helse, barn og unge, levkår og friluftsliv*.

- *Helse* er eit omgrep som omfattar både det fysiske og psykiske miljøet innbyggjarane i kommunen som samfunn møter kvar dag. Det er ynskjeleg at dette er godt tilrettelagt for alle innbyggjarar i alle livsfasar.
- *Barn og unge* sine oppvekstvilkår ligg til grunn for folketalsutviklinga i kommunen. Er utviklinga positivt retta, vil det synast i vidare i utviklingstrenden av innbyggjarar.
- *Levekåra* i kommunen er og med på å avgjera om innbyggjarane er generelt nøgde og blir verande i kommunen. Om dei ser betre tilbod og moglegheiter andre steder, søkar dei ut, og den generelle utviklinga omkring tilgang på ressursar i kommunen stagnerer. Det er ynskjeleg at tilflyttarar blir buande i kommunen. Lom kommune har utfordringar når det gjeld ulike alderssamansetningar hjå innbyggjarane, trivsel generelt og bulyst. Kommunen skil seg ikkje eintydig frå landsnivået når det gjeld andelen barn som bur i husstandar med låg inntekt (Folkehelseprofil 2016).
- *Friluftsliv* må sjåast i samanheng med folkehelse, som har eit overordna fokus i all planlegging. Friluftsområder er gratis og tilgjengeleg for alle, og treng brukarar som og er bevisste verdiane og tar vare på desse.

Overordna mål:

Skape samfunnsmessige føresetnader for ei god helse på like vilkår for heile befolkninga.

Oppvekst er fundamentet for barn og unge når det kjem til kunnskap, holdningar og ferdigheitar. Om barn og unge får realisert seg sjølv til det beste for samfunnet og seg sjølv, vert grunnlaget for eit samfunnsaktivt vaksenliv lagt. Ein håpar at resultatane vil visast i framtidige undersøkingar, både ungdatal og folkehelseprofilar.

Ei forbetring av levkår skal vera eit bærande element i kommunens planlegging og arbeid. På sikt håpar ein at dette vil synast i folkehelseoversiktene.

Friluftsområda i kommunen skal vera tilgjengeleg for innbyggjarane.

Innbyggjarane i kommunen er ei fellesnemning på alle som er busett i kommunen. Barn, unge, flyktningar, tilflyttarar, vaksne og eldre.

Definisjonar i tråd med sentrale føringar

Folkehelse og folkehelsearbeid

- Folkehelse: Befolkningas helsetilstand med korleis helse fordeler seg i ein befolkning.
- Folkehelsearbeid: Samfunnets innsats for å påverkar faktorar som direkte eller indirekte fremmer befolkningas helse og trivsel, førebygger psykisk og somatisk sjukdom, skade eller plagar, eller som beskyttar mot helsetruslar, samt arbeid for ein jamnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helse.

Sosiale helseforskjellar

- Systematiske forskjellar i helsetilstand og påverknadsfaktorar som følgjer sosiale, økonomiske, geografiske og etniske kategoriar. Særlig yrke, utdanning og inntekt er viktige faktorar.

Samfunnsdelen til kommuneplan – Lom kommune

<i>Slik vil vi ha det:</i>		<i>Slik gjer vi det:</i>	
HELSE	Satsing på helsefremmande og førebyggjande tiltak	<ul style="list-style-type: none"> o Integrere «helse-i-alt»-tanken i planlegginga. o Bruke rapporten «Oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer» aktivt i arbeidet omkring planlegging. o Fokus på sundt kosthald, fysisk aktivitet, fysisk og psykisk helse. o God samordning og godt samarbeid mellom tenestane og etatane. 	
	Fokus på livsstilsendingar hos innbyggjarane	<ul style="list-style-type: none"> o Lom Frisklivssentral bidrar med “hjelp til sjølhjelp” til dei som har motivasjon og har lyst til å gjere ei livsstilsending. o Tilby gode kommunale tenester. 	
	Gode velferdstenester	<ul style="list-style-type: none"> o «Inn på tunet» i Lom og Skjåk, som kan tilpassas ulike brukargrupper med utfordringar knytt til både psykisk- og fysisk helse. 	
BARN OG UNGE	Gje barn og unge ein god arena til sjølvutvikling.	<ul style="list-style-type: none"> o Bruke SWOT-analysen for statusen i skulesektoren aktivt i planlegginga. o Vidareutvikla tilbod og moglegheiter i Ungdomsklubben. 	
	Snu den negative elevtalsutviklinga i kommunen, og leggje til rette for at barn og unge er aktive deltakarar i kommunen.	<ul style="list-style-type: none"> o Gjere skulen til ein god møtearena og ein god plass å læra som elevane ønskjer å vende tilbake til. o Skape trygge rammar for barn og unge i skolen. o Tenester og etatar lyttar til barn og unge og tek deira synspunkt på alvar. 	
	Barn og unge skal føle likeverd i skolen, oppleve mestring og utvikle sosial kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> o Legge til rette at dei sosiale forskjellane jamnas ut og at den sosiale kompetansen utviklast. o Like gode moglegheiter til skulegong uansett kor ein bur i kommunen. o Alle barn og unge skal ha dei same moglegheitene i kommunen og føle seg inkludert. o Helsestasjon og skuletenesta støttar opp om barn og unge si fysiske og psykiske helse og utvikling. 	
	Mindre fråfall i vidaregåande skule	<ul style="list-style-type: none"> o Forebygge med eit heilheitleg og koordinert barnehage- og skuleløp. 	
LEVEKÅR	Være attraktiv for innbyggjarar i alle livsfasar.	<ul style="list-style-type: none"> o Ha tilbod til innbyggjarar i alle aldersgrupper. o Alle skal ha ein plass å bu og vera i Lom. o Tilrettelegging for at kompetansen er god nok til å gje ulike behov nødvendig oppfølging. o Eit godt og breitt barnehagetilbod til innbyggjarande. o Bruke rapporten «Felles boligpolitikk i Nord-Gudbrandsdalen» aktivt. 	
	Færre sosiale forskjellar	<ul style="list-style-type: none"> o Bidra til utjamning gjennom å auke bevisstheit omkring økonomiske faktorar og deltaking i lokalsamfunnet for vaksne og barn. o Inkludere alle innbyggjarar. 	
	God heimebasert omsorg og tenester	<ul style="list-style-type: none"> o Ressursomlegging av institusjonsbaserte teneste o Optimalisering av kompetanse og ressursar der det er behov 	
	Eit velfungerande, fleirkulturelt samfunn	<ul style="list-style-type: none"> o God integrering o Ta i bruk fleirkulturelle ressursar o Inkludera og ivareta behova til tilflyttarar o Ferdigstille kommunens integreringsplan 	
FRILUFTSLIV	Friluftsområder i kommunen brukas av innbyggjarane.	<ul style="list-style-type: none"> o Kartlegging av friluftsområder med omsyn til verdi og kvalitet. o Ha fokus på Lom kommune som nasjonalparkkommune og nasjonalparklandsby og dei friluftskvalitetane vi har å by på som er tilgjengeleg for alle. 	
	Kunnskap om kva friluftsliv er.	<ul style="list-style-type: none"> o Ha fokus på universell utforming omkring merking og tilrettelegging. o Auke kunnskap hos barn og unge i skule og barnehage. 	

5.0 NÆRING OG SAMFUNN (Økonomiske forhold)

Dette tema omhandlar følgjande punkt frå planprogrammet: Landbruk og næringsutvikling, Tettstadsutvikling, transportplanlegging og bustadbehov.

5.1 Landbruk og næringsutvikling

Kvifor er dette noko vi prioriterer?

- Landbruket har ein vesentleg del av verdiskapinga og har stor betydning for reiselivet, friluftsliv, bumiljø og m.a. beredskap. På denne måten er landbruket berebjelken for næringa og livet i Lom.
- Lom kommune har djupe røter som landbrukskommune med sterke tradisjonar for mjølke- og kjøttproduksjon i inn- og utmark og knytt til seterområda samt korn- og grønsaksproduksjon. Landbruket er stadig i forandring p.g.a. teknologisk utvikling og endra krav og rammebetingelsar frå myndigheiter samt endra etterspørsel frå forbrukarar. Utviklinga dei siste 10 åra kan oppsummerast med at tal aktive bruk har gått ned men produksjonen har gått opp. Dette gjeld både produsert mengde kumjolk og tal sau. Også utmarksbeitebruken har auka.
- Lom har lange tradisjonar som reiselivskommune og har også hatt ei positiv utvikling innanfor detaljhandel. Nasjonalparklandsbyene skal være nasjonalparkenes kommersielle spydspiss, og i Lom har nasjonalparkane ei stor rolle omkring næringsutvikling og reiseliv.
- Utvikling av eksisterande næringar og etablering av nye, er viktig for kommunen som heilheit. Det er av interesse å skape fleire arbeidsplassar i kommunen, og utviklinga av alle type næringar er ein prioritet.
- Undersøkingar viser at vi er for dårlege på nyetableringar. Ungt Entreprenørskap bør tidleg inn i skulen for å stimulere til gründerverksemd og verksemdar som vil vekse bør støttast.

Overordna mål:

Oppretthalde landbruket som sysselsettar og berebjelke i kommunen. Auke interesse og oppslutning om vidareføring av tradisjonane Lom har i næringa og samtidig ivareta jordvernet.

Lom skal vera ein attraktiv reiselivsdestinasjon og handelsstad også i framtida, og utviklast som arrangementsstad.

Arbeidsplassar knytt til bygg, anlegg, industri og transport skal utviklast og takast vare på.

Det skal stimulerast til nyetableringar og ungt entreprenørskap.

Samfunnsdelen til kommuneplan – Lom kommune

	<i>Slik vil vi ha det:</i>	<i>Slik gjer vi det:</i>
LANDBRUK	<p>Innbyggjarane skal ha kunnskap om landbrukets rolle og tyding i lokalsamfunnet.</p> <p>Det skal vera rom for både vidareutvikling av tradisjonell produksjon som kjøtt og mjølk, nyskapande utvikling i tilknytning til gardsbruk og samarbeid med andre m.a. reiseliv, helsevesen og skule.</p> <p>Fleire kvinner i landbruket.</p> <p>Rovdyrbestanden skal ha eit omfang som beitenæringa kan leva med.</p>	<ul style="list-style-type: none"> ○ Informasjon og tilrettelegging av tilbod knytt til landbruksnæringa for lokalbefolkninga. ○ Inkludera landbruk i næringsplan. ○ Ivareta krava om jordvern. ○ Kommunen skal informere om landbruk og landbrukets ringverknader i samfunnet. ○ Kommunen skal bruke eigne ressursar for å støtte oppom landbruk, m.a. oppdatere beitebruksplan. ○ Landbruksforvaltninga i kommunen skal ha god kompetanse og vera imøtekommande og serviceinnstilte. ○ Landbruket i Lom skal pleie og ivareta naturverdiane i kulturlandskapet og verneområda. ○ Tilgang på investeringsmidlar. ○ Satsing på vidareforedling av lokale råvarer for å auke koplinga mellom lokalmat og reiseliv. ○ Arbeide for eit nærare samarbeid mellom handelsstand, lokalt reiseliv og faglagar for å auke kunnskap og interesse. ○ Synleggjere viktigheita av mangfald i landbruket, og ha positiv fokus på kvinner sin innsats og rolle i landbruksnæringar i Lom. ○ Rekruttere gjennom synleggjering og informasjon. ○ Det skal arbeidast for gode rammebetingelsar, inkludert balansert rovdyrforvaltning.
NÆRINGSUTVIKLING	<p>Vidareutvikling av sentrumsområde.</p> <p>Profilere Lom i samsvar med:</p> <p>Styrke reiseliv- og handelsnæringa og Lom som arrangementsstad</p> <p>Legge til rette for nyetableringar og vidareutvikling av eksisterande verksemdar:</p>	<ul style="list-style-type: none"> ○ Oppfølging av kommunedelplan for Fossbergom. ○ Utvikle nasjonalparklandsbyen med ein attraktiv sentrumskjele og tenestetilbod. ○ Vidareutvikle Lom som handelsstad med fokus på nisje- og lokale kvalitetsprodukt ○ Ledige næringsbygg og tomter. ○ Busetting ○ Rask- og effektiv sakshandsaming ○ Reiselivsdestinasjon og arrangementsstad. ○ Nasjonalparkane og dei moglegheitene kommunen kan gje av opplevingar. ○ Stimulere til aktivitet året rundt og legge til rette heilårsverksemd og betre utnytting av skuldresesongane. ○ Støtte opp om profilering- og marknadsføringstiltak av området vårt ○ Utvikle Lom som arrangementsstad i samarbeid med næringsliv og friviljug sektor ○ Fokus på ungt entreprenørskap ○ Rettleiing og støtte til gründerar og næringsetablering. ○ Legge til rette for attraktive næringsbygg og tomter ○ Gode støtteordningar for nye og eksisterande verksemdar som vil satse ○ Sikre godt breibandtilbod i heile kommunen ○ Eit styrka samarbeid gjennom 6K næring

5.2 Tettstadsutvikling, transportplanlegging og bustadbehov

Kvifor er dette noko vi prioriterer?

- Å kunne tilby nye innbyggjarar moglegheita til eit utval av tomter i ulike størrelsar for einebustader blir sett på som viktig, saman med styrking av sentrumsområda. Folkehelseundersøkinga frå 2016, mengda byggjesøknader og tomter søkt delt frå visar at det er behov for areal til utbygging og bustader.
- I samband med vurdering av nye byggeområder må ein vurdere moglegheit for etablering av gang- og sykkelveggar, spesielt i sentrumsnære områder. Dette for å sikre trygge og miljøvennlige tilkomstmoglegheiter for dei som ferdast til fots og på sykkel. Dette er òg ei målsetjing som er ein viktig del av helse-i-alt tankegangen.
- Det er ynskjelig å snu den negative befolkningsutviklinga i ein positiv retning. Å ha attraktive bustadområder kan gje auka tilflytting og fleire innbyggjarar som blir verande i kommunen.

Overordna mål:

Kommunen ønskjer å behalde spreitt busetnad, og må leggje til rette for at denne kan oppretthaldast samtidig som trafikktryggleiken er tilstrekkeleg i heile kommunen.

Innbyggjarane i Lom kommune skal ha ein plass å bu. Det skal tilretteleggjast for fleire fritidsbustader i kommunen, og flest mogleg skal ha tilgjenge til gode IKT-løysingar.

Henta frå «*Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging*»:

«Ein bør trekkje langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og store samanhengande landbruks-, natur- og friluftsområde. Den regionale og kommunale planlegginga har også ei viktig oppgåve i å leggje til rette for nok bustadbygging som del av ei samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Dette er særleg viktig i område med press på bustadmarknaden. Ein bør leggje til rette for variert utbygging som er tilpassa behova til ulike grupper, slik som barnefamiljar, eldre og flyktningar.»

	<i>Slik vil vi ha det:</i>	<i>Slik gjer vi det:</i>
TRANSPORTPLANLEGGING	<p>Miljøvennlige tilkomstmoglegheiter til sentrum.</p> <p>Trygge skuleveggar.</p> <p>Langsiktig transportplanlegging</p>	<ul style="list-style-type: none"> ○ Etablering av gang- og sykkelveggar, og dermed redusere transportbehovet i sentrumsnære områder. ○ Tilrettelegging for trygg tilkomst til skulene for skuleelevar i kommunen. ○ Informere om trafikktryggleik. ○ Ferdigstille trafikktryggleiksplan og følgje opp denne. ○ Arbeide for å betre kollektivtilbodet i kommunen.
TETTSTADSUTVIKLING	<p>Sentrumsnære bustader.</p> <p>Spreidd busetnad.</p> <p>Innbyggjarane skal ha tilgjenge til gode IKT-løysingar</p> <p>Eit kompakt sentrum som tek vare på dei verdiar som eksisterer i dag og samtidig opne for forandringar i sentrumsbiletet framtidig.</p>	<ul style="list-style-type: none"> ○ Tilrettelegging for utbygging ○ Oppfølging av kommunedelplan for Fossbergom. ○ Sjå på moglegheiter for å tilby større tomter for einebustader. ○ Ha gode og varierte tomtetilbod til nye innbyggjarar. ○ Prioritere vidareutvikling og utbygging av eksisterande fiber- og breibandstruktur i kommunen. ○ Følgje opp kommunedelplan for Fossbergom. ○ Fossbergom sin eigenart og tradisjon må takast vare på. ○ Halde fast ved krav om byggjeskikk, men vera framfirtidsretta og følgje med på utviklingstrekk i samfunnet.

Samfunnsdelen til kommuneplan – Lom kommune

BUSTADBEHOV (privat og fritid)	Varierte tilbud for å bu i sentrumsområda.	<ul style="list-style-type: none"> ○ Følgje opp kommunedelplan for Fossbergom.
	Fleire fritidsbustader.	<ul style="list-style-type: none"> ○ Tilrettelegging for at fleire område skal tillatast for utbygging av hytter og fritidsbustader, med klare føringar.
	Ha nok tilgjengelege kommunale bustader etter behov til ein kvar tid.	<ul style="list-style-type: none"> ○ Produsere ein bustadsosial handlingsplan med tiltak knytt mot utfordringar og målsetjingar. ○ Implementere «Felles boligpolitikk i Nord-Gudbrandsdalen» for ein felles utvikling i regionen.

6.0 KLIMA OG MILJØ (Miljømessige/Økologiske forhold)

Dette tema omhandlar følgjande punkt frå planprogrammet: Generelt om Klima og miljø, Beredskap og samfunnssikkerheit, risiko og sårbarheit, Naturmangfaldlova og kulturminne og Vassområdeforvaltning.

Kvifor er dette noko vi prioriterer?

- Kommunen ynskjer å ivareta dei naturressursar den har gjennom balansert utnytting og vern av viktige område. Dette må sjåast i samheng med korleis areala vert ivareteken og kan oppretthaldast for framtidige generasjonar. Fokus på klimautvikling og miljøforbetring er viktig for rett arealdisponering i kommunen.
- For kommunen kan klimaendringar gje meir nedbør og auka fare for flaum og skred.

Overordna mål:

Innarbeide miljø- og naturforvaltningsomsyn på alle felt i den kommunale planlegginga og verksemda.

<i>Slik vil vi ha det:</i>	<i>Slik gjer vi det:</i>
Mindre avfall og økt gjenbruk.	<ul style="list-style-type: none"> ○ Informere innbyggjarane i kommunen omkring kjeldesortering og levering av avfall. ○ Oppretthalde kvaliteten på miljøstasjon, og vidareutvikle eksisterande tilbud.
Lågare utslipp og mindre forureining.	<ul style="list-style-type: none"> ○ Oppfordra til bruk av miljøvennlege transportmiddel. ○ Leggje til rette for gode gang- og sykkelveggar som kan brukast av alle. ○ Stimulere til redusert bruk av private bilar. ○ Bidra til etablering av ladestasjonar for elbil.
Eit så lågt energiforbruk som mogleg.	<ul style="list-style-type: none"> ○ Tilrettelegging for at alle tar klimaansvar. ○ Stimulere til bruk av biobrensel og anna alternativ oppvarming, både i private hushald og offentlege bygningar. ○ Redusere energibruken i kommunal bygningsmasse.

6.1 Beredskap og samfunnssikkerheit, risiko og sårbarheit

Kvifor er dette noko vi prioriterer?

- o Innbyggjarane i kommunen skal føle seg trygge, og det er viktig å gje befolkninga størst mogleg sikkerheit for helse, liv og velferd.

Overordna mål:

Optimal sikkerheit på alle områder det er mogleg.

<i>Slik vil vi ha det:</i>	<i>Slik gjer vi det:</i>
Trygge omgivnader for innbyggjarane.	<ul style="list-style-type: none"> o Kartlegge flaumsoner for hovudvassdraga (tettbygde område). o Setje krav om konsekvensutgreiingar ved planlegging av tiltak som kan vere flaumutsette.
Beredskapsplanar	<ul style="list-style-type: none"> o Risiko- og sårbarheitsanalyse for Lom og Skjåk.
Betre skredkartlegging; betre kartlegging på aktsemdsnivået for nokre prioriterte område med aktivitet og busetnad	<ul style="list-style-type: none"> o Kartlegging av sikringsbehov og prioritering av tiltak for å sikre eksisterande busetnad som er utsett for skredfare.
Flaumkartlegging.	<ul style="list-style-type: none"> o Flaumsonekartlegging i Bøvra sitt utløp i Ottaelva. o Fleire karteggingar i sidevassdrag.

6.2 Naturmangfaldlova og kulturminne

Kvifor er dette noko vi prioriterer?

- o Lom kommune har eit ønskje om å prioritere verneverdige kulturminner frå nyare tid. Eit kulturminne som er spesielt viktig i Nord-Gudbrandsdalen er kunstig vatning og vassvegar. Gamle vegfar er òg eit tema kommunen ønskjer å ha fokus på, og som det er gjort få registreringar på i Lom per dags dato.
- o Naturmangfald omfattar all natur og gjeld alle sektorar som forvaltar naturmangfald eller tek avgjerder som har konsekvensar for dette mangfaldet. Kommunen har eit ansvar for å sikre berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet.

Overordna mål:

Registrere nyare kulturminne i kommunen.

God og framtidsretta areal- og ressursforvaltning, forankra gjennom arealstrategjar i kommuneplanens arealdel.

	<i>Slik vil vi ha det:</i>	<i>Slik gjer vi det:</i>
KULTURMINNE	Dokumentere dei kulturminna som ikkje er registrert i kommunen.	<ul style="list-style-type: none"> o Kartelegging av vassvegar og vegfar. o Lage ein kommunedelplan for kulturminne. o Oppdatere registrering av verneverdige bygingar.
	Prioritere verneverdige kulturminner frå nyare tid.	<ul style="list-style-type: none"> o Ta vare på eit representativt utval av kulturarven i kommunen.

Samfunnsdelen til kommuneplan – Lom kommune

NATURMANGFALD	Berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet innanfor kommunen sine grenser.	<ul style="list-style-type: none">o Informere om bruk og vern av nasjonalt, regionalt og lokalt viktige område i kommunen, både til lokalbefolkning og besøkande.
	Kommunen skal ta omsyn til artar og naturverdiar i sin planlegging.	<ul style="list-style-type: none">o Legge miljørettslege prinsipp i naturmangfaldlova til grunn ved forvaltning og avgjerder i kommunen (§ 8-12).o Markere område verna etter naturmangfaldlova og andre verdifulle naturområde med omsynssonar.o Følgja opp arten, <i>Elvesandjeger</i>, som er ein <i>prioritert art</i> etter forskrift til Naturmangfaldlova, heimla nml §23-24.o Vurdere korleis dei regionale vassforvaltningsplanane skal følgjast opp (Kommunebilde 2016)

6.3 Vassområdeforvaltning

Kvifor er dette noko vi prioriterer?

- o Dette er eit nytt tema i kommuneplanen, og vi fokuserer på vasskvalitet og sikkerheit.
- o Vassområdeforvaltninga i kommunen er knytt opp til vassregion Glomma med tilløpselvar.

Overordna mål:

Optimal vasskvalitet i kommunen som tilfredsstillar dei krav som til ein kvar tid eksisterer på nasjonalt nivå, og følgje regionalt overvåkingsprogram for vassregion Glomma.

<i>Slik vil vi ha det:</i>	<i>Slik gjer vi det:</i>
Reint drikkevatt, og vatn som kan brukast til landbruk, fiske og rekreasjon.	<ul style="list-style-type: none">o Oppretthalde kvaliteten ved renseanlegga, både i utstyr og mannskap, og hindre forureining som avrenning og forsøpling.o Måle og kontrollere vasskvalitet.o Bruke kommuneplanens arealdel som virkemiddel for å sikre mål om vassmiljø.o Følgje opp «Nasjonale mål – vann og helse»

7.0 OPPFØLGING AV SAMFUNNSDELEN

7.1 Utarbeiding av handlingsdel

Handlingsdelen er oppfølginga av satsingsområda i samfunnsdelen. I handlingsdelen vert det sett opp prioriteringar og tildeling av ressursar i lag med ein plan over økonomi, ein årsplan og eit budsjett.

Det er økonomiplanen som er kommuneplanens handlingsdel.

Kvifor er dette noko vi prioriterer?

- Det er heimla i plan- og bygningslova § 11 at det er krav til ein handlingsdel til kommuneplanen.
- Den skal vere konklusjonen på korleis kommuneplanen skal fylgjast opp. Det må gjerast ei prioritering av tiltak.
- Tiltaka må innarbeidast i økonomiplan

Overordna mål:

Nå dei måla som vert sett i overordna plan.

<i>Slik vil vi ha det:</i>	<i>Slik gjer vi det:</i>
Ein dynamisk samfunnsdel som kan rullerast ved behov, med oppdaterte data og utfordringar.	<ul style="list-style-type: none">○ Utarbeide handlingsdel i samband med økonomiplan.○ Ei grundig sortering og prioritering av tiltak.○ Oppfølging og oppdatering av satsingsområde.
Dynamisk og framtidsetta arealforvaltning	<ul style="list-style-type: none">○ Rullering av kommuneplanens arealdel.○ Rullering av samfunnsdelen.

7.2 Arealstrategi(ar)

Det er måla i kommuneplanens samfunnsdel som gjev forankring for arealstrategien. Samfunnsdelen gjev føringar for kommunens langsiktige arealbruk, og arealstrategien skal bidra til å sikre at denne vert heilskapleg. Strategien må byggje på klare mål for utvikling av kommunen.

Dei nasjonale, regionale og lokale føringane vart liste opp i planprogrammet for kommuneplanen. Desse føringane skal leggjast til grunn i arealplanlegginga og disponeringa av areal til eksempelvis nye byggeområde.

Langsiktige arealstrategiar ut frå dei tre satsingsområda i samfunnsdelen (Klima og miljø, Folkehelse og Næringsliv og samfunn) vil innarbeidast i kommuneplanens arealdel, gjennom konsekvensutgreiinga og dei føringane kommunen skal forvalte sine areal etter.